

# Drama som metode

TID: 60 minutt

UTSTYR OG FØREBUING: Stol, teknisk verktøy som kan spele musikk, til dømes høgtalar eller smarttavle.

## Oppstart

Varm opp med songleiken «Jungelrap».

## Øving 1 – Den varme stolen og intervju i rolle

Den varme stolen er ein metode som kan brukast når ein ynskjer å utforske og stille kritiske spørsmål til handlingane til ein av rollefigurane. Ein stol vert sett fram, og den som vil spele eller representere rollefiguren, set seg på stolen (Songe-Møller & Sæbø, 2007). Den som sit på stolen, skal vere flodhesten og prøve å tenkje som han. Dei andre elevane stiller spørsmål til flodhesten for å finne ut korleis rollefiguren tenkte og kjende i dei ulike situasjonane. Til dømes:

- Kvifor er du lei deg?
- Kvifor vil du ikkje vere i vassholet?
- Kor skal du? Kva vil du gjere?

## Øving 2 – Spegelen

Elevane står på to rekker om lag ein meter frå kvarandre, slik at kvar enkelt i rekke A ser personen rett overfor seg i rekke B inn i augo. A-personen byrjar å utføre rørsler som B-personen skal spegle/imitere så nøyaktig som mogleg. Elevane kan bruke grimase og/eller kroppen til å lage positurar/rørsle og mime kjenslene. Her gjeld det for A, i allfall i byrjinga, å gjere så enkle og langsame rørsler at B ikkje har vanskar med å følgje med. Øvinga lykkast best dersom A og B har augekontakt (Songe-Møller & Sæbø, 2007).

## Øving 3 – Tankekorridor

Til slutt skal elevane gjennomføre tankekorridor. Tankekorridor er ein teknikk som vi kan bruke dersom ein av rollefigurane i dramaet har opplevd noko spesielt eller står framfor eit vanskeleg val. Vi kan utforske dette ved å sette ord på alle dei tankane og kjenslene som vedkomande har i hovudet. Elevane stiller opp på to rekker og lagar ein korridor. Etter tur går elevane som representerer rollefiguren, langsamt gjennom denne korridoren, medan elevane som står i rekken, seier høgt kva dei trur rollefiguren tenkjer og kjennen (Songe-Møller & Sæbø, 2007). Vi valde at elevane skal seie noko fint til flodhesten – for at flodhesten skal kjenne seg verdifull og verdsett.